

# Partiprogram for Fjord Kristeleg Folkeparti perioden 2019-2023

## Grunnsyn

KrF byggjer sin politikk på eit kristent verdigrunnsyn og ein kristendemokratisk ideologi. Dette verdigrunnet kjem til uttrykk gjennom

- Bibelen med nestekjærleiksbodet og dei 10 boda.
- Det kristne menneskesynet som seier at alle menneske har like stort verd: ufødd, ung, gammal, frisk eller sjuk.
- Den kristne forvaltartanken som hjelper oss å ta vare på ressursane til beste for fellesskapen og komande generasjonar.

## Kyrkje og kristenliv

### KrF vil

- Styrke det kristne barne- og ungdomsarbeidet med tilskot til kor og anna lagsarbeid, og la kyrkja og det frivillige kristelegte arbeidet i kommunen få gode arbeidsvilkår.
- Fremje tiltak som gjer kyrkjene og bedehusa tenlege, og halde bygningane og kyrkjegardane i god stand.
- Gjere alle kyrkjene tilgjengelege for alle brukarar med til dømes rullestolrampe.

## Barn og unge, skule og opplæring

### KrF vil

- At kristne grunnverdiar på ein naturleg måte skal bli ein del av kvardag og fest i skule og barnehage.
- Støtte tiltak i skulen som skaper haldningar mot rusmisbruk, og gi praktisk og økonomisk støtte til grupper og einskildpersonar som tek gode initiativ overfor ungdom som fell utanfor organiserte aktivitetar.
- Støtte all god og sunn idrett, men prioritere allsidig barneidrett.
- Setje inn tiltak for å lære barn og unge konfliktløysing.
- Førebyggje valdsbruk blant barn og unge.
- Setje inn tiltak mot mobbing.
- Bygge gode møteplassar mellom generasjonane.
- Gå for 3 ungdomsskular i kommunen.

## Kultur

KrF meiner at det kristne grunnsynet er eit godt utgangspunkt for eit rikt kulturliv.

### KrF vil

- Gjennom kulturmidlane oppmuntre til eigenaktivitet med særskild støtte til leiartrening og kurs.
- Støtte det lokale song- og musikklivet, der bygdene våre har ein rik arv å ta vare på.
- Støtte eit allsidig og rikt kulturliv, det ein tek vare på kulturelle verdier som tradisjonar, folkeminne, kunst, musikk og litteratur.
- Gå inn for bygningsvern, og ta vare på kulturskattane i kommunen vår.
- Støtte opp om det frivillige arbeidet.
- Halde liv i bygdebok-arbeidet.

## **Turisme**

### **KrF vil**

- Støtte tiltak som kan gjere det interessant for reisande å stanse i kommunen vår.
- Fronte attraksjonane vi har i bygdene våre ved t.d. god merking av Valldalsleia.
- Ha heilårsopne toalett langs vegane.

## **Edruskap**

KrF vil føre ein energisk kamp mot rusgifter, mot drikkepress, og mot bruk av alkohol og andre rusgifter som nyttingsmiddel i alle former ved å

- Skape varierte, rusfrie ungdomstilbod.
- Motarbeide koplinga mellom rus og idrett.
- Støtte tiltak i skulen som skaper haldningar mot rusmisbruk.
- Støtte og fremje rusførebyggjande tiltak, t.d. alkoholfrie arrangement.

KrF går imot bruk av alkohol i alle kommunale arrangement, og går inn for ei bremsing og om mogleg reversering i bevillingspolitikken.

## **Helse- og sosialtenester**

### **KrF vil**

- Arbeide for at Fjord kommune får ha ei godt fungerande helseteneste i form av legesenter, helsestasjonar og sjukeheimar, samtidig som ein styrkjer dei heimebaserte tenestene.
- Oppmuntre til ein sunn livsstil, ernæringsmessig og gjennom fysisk aktivitet.
- Styrke borna og dei unge sine rettar ved ei velfungerande barnevernsteneste.

## **Bustadtilhøve**

### **KrF vil**

- Gå inn for ei desentralisert bustadbygging, og arbeide for å oppretthalde busetnaden i utkantane.
- At det alltid skal vere byggeklare tomter fleire stader i kommunen.
- At det skal vere tilgjengelege omsorgs/gjennomgangsbustader fleire stader i kommunen.
- At kommunen sørgjer for tilgjengeleg sløkkjevatt i alle grender og hyttefelt.

## Miljø

### KrF vil

- Verne om naturen mot ureining av alle slag, og avgrense havbruket i fjorden etter fjorden si bereevne.
- Ha ei god sikring av drikkevasskjeldene i kommunen.
- Ha god kontroll med utbygging av hyttefelt.
- Arbeide for heilårsopne offentlege toalett fleire stader i kommunen.
- Ha ei rovdyrforvaltning som gir plass for dyrehald med bruk av fjellbeite, slik at kulturlandskapet blir halde ope og fritt for attgroing.
- 

## Nærings- og arbeidsliv

Trygge og gode arbeidsplassar og full sysselsetjing er naudsynt i ein liten kommune.

### KrF vil

- Arbeide for å tilføre bygdene ny og livskraftig industri.
- At landbruket også i framtida skal få gode og sikre arbeidsvilkår som opprettheld busetnad og levande bygdemiljø.
- Gå inn for gode ordningar i landbruket, til dømes samdrift.
- Støtte alt arbeid som kan styrkje næringsliv og sysselsetjing.
- Støtte etablering av nye arbeidsplassar.
- Lokalisere nye arbeidsplassar i kommunen i samband med interkommunale samarbeid.
- Støtte nyvinningar i havbruksnæringa med t.d. landbaserte smoltanlegg.

## Kommunikasjon og trafiksikring

### KrF vil

- Arbeide for at kommunale vegprosjekt vert fullførde.
- Gå sterkt inn for å få på plass gang- og sykkelveg alle stader i kommunen der det er behov for det.
- Få opp veglys der det er behov for det, t.d. Øvrebust-Mo og frå Vallidal sentrum mot Trollstigen.
- Arbeide for rassikring av offentlege vegar, t.d. vegen til Tafjord.
- Arbeide for utbetring/utviding av vegen frå Sylte mot Trollstigen.
- Arbeide for god mobildekning langs kommunale og fylkeskommunale vegar.